



Majo Eiendom AS  
Lindåsveien 154  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/338 - 14/3217

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.laendre@meland.kommune.no

Dato:  
04.03.2014

## Godkjenning - utslepp frå framtidig bustad gbnr 9/34 og 41 Mongsedalen.

**Administrativt vedtak. Saknr: 30/2014**

### Saksutgreiing:

Det er i søknad, dagsett 27.01.2014, søkt om endring av utslepp frå framtidig bustadhus i Mongsedalen, gnr. 9, bnr. 34 og 41.

Eigedomen fekk i sak DNT.315/09, av 30.09.2009, godkjent slamavskiljar felles med bnr. 33, plassert inne på bnr. 34. Dette var ein slamavskiljar på 4m<sup>3</sup> som skulle betjene to hytter. No vert det søkt om endring av gitt løyve. Den omsøkte endringa går ut på at det vert ein eigen slamavskiljar for bnr. 34, med ein storleik på 4m<sup>3</sup>. Hytta på bnr. 34 skal rivast og det skal i staden førast opp ein einebustad. Byggesøknad er sendt inn. Eigedomen er tilknytt kommunalt vassverk.

Avlaupsleidningen skal tilknytast den eksisterande avlaupsleidningen som går til sjø, som eigedomen allereie nyttar i dag.

### Vurdering:

Utsleppet det er søkt om er ein auke på dagens godkjente utslepp. Til no har eigedomen hatt ein slamavskiljar på 4m<sup>3</sup> som har vore delt på to hytter

Utsleppsløysinga det er søkt om er i samsvar med gjeldande krav i området. Den einaste endringa her vert at gnr. 9, bnr. 34 no får eigen slamavskiljar. Meland kommune kan difor gje utsleppsløyve som omsøkt på vanlege vilkår for slike utslepp, og i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5.

## Vedtak

«Meland kommune gjev i medhald av «Forskrift om begrensing av forurensing» sin § 12-5 utsleppsløyve for einebustad på gnr. 9, bnr. 34 og 41 i samsvar med søknad dagsett 27.01.2014 og på følgjande vilkår:

1. Avlaupet skal gå via slamavskiljar av godkjent type.
2. Frå slamavskiljaren skal avlaupsvatn førast til eksisterande avlaupsleidning.
3. Slamavskiljaren må plasserast slik at den kan tømmast med slamsugebil i samsvar med vedtekter for slamtømming.
4. Eigedomen skal betale slamgebyr til kommunen i samsvar med gjeldande regulativ.
5. Tiltaket er søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det vert gitt ansvarsrett og godkjenning av føretak i samsvar med søknad.

Saka er handsama administrativt i medhald av delegert mynde.»

*Vedtaket kan påklagast etter forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.*

## Plan, utbygging og kommunalteknikk

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

### Kopi til:

Ole Andre Skage

**Mottakere:**

Majo Eiendom AS

Lindåsveien 154 5914

ISDALSTØ